

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.11.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 31/21

Søknad frå jaktlag i Nordheimsdalen om å få redusert pris på felte bukkar grunna låge vekter.

Saksopplysning:

Jaktlaget felte mellom anna 2 vaksne bukkar, ein 6 taggar på 60 kg. og ein 13 taggar på 66 kg. For desse bukkane må dei i fylge kontrakten betale for ei gjennomsnittsvekt på 77 kg. Aurland fjellstyre har operert med gjennomsnittsvekter i kontraktane i Nordheimsdalen, fordi det er for utfordrande å få jegrane til å møta på vegestasjon innan rimeleg tid. Gjennomsnittsvektene i Nordheimsdalen vart justert ned i 2016 på vaksne bukkar, spissbukkar og 1,5 års koller. Det kan verke som vektnedgangen held fram, men også i år vart det felt ein bukk på 96 kg i øvre felt tidleg i jakta.

Saksutgreiing:

Her er gjennomsnittsvektene dei siste 6 åra, utskrift frå Hjorteviltregisteret. Manglar data frå 2018 har prøvt å finna ut kvifor men foreløpig veit eg ikkje.

Jak	Gj	Hannkalv		Hunnkalv		Bukk 1 ½		Kolle 1 ½		Bukk 2 ½ år og eldre		Kolle 2 ½ år og eldr		Registrert i Hjortevilt	registeret
		A	C	A	G	A	G	A	G	A	G	A	G		
-16	19	1		0	44	3	39	1		77	3	58,75	4	12	
-17		0		0	44	2	41	2		77	2	66	1	6	
-18		0		0		0		0			0		0	0	
-19	29	1		0	47	1	45	3		77	5	63	3	13	
-20		0	25	1		0		0		70	7	60	1	9	
-21	25	2	25	1	50	3				72	5	60	3	14 pr. 10/11	

Det er nok ikkje alle tala her som er heilt korrekte men det er ein peikepinn. Me må og ta med oss att bukkane misser ein del vekt utover i jakta. Brunstperioden tek på og jaktlaget som klagar no, jakta berre dei siste 10 dagane i oktober.

I Aurland feller me mykje hjort og mykje hanndyr og det vil gå ut over vektene fordi jegrane har lett for å ta dei store bukkane, det kan og vera med å forklare vektnedgangen. Når eg ser på gjennomsnittsvektene i heile Aurland har dei gått ned frå 85 til 82 kg dei siste 6 åra. Det kan og verke som det dårlegare vekter når me nærmar oss Frønningen. Me bør nok ta ei ny justering av gjennomsnittsvektene, før me går inn i ein ny leigeperiode med jaktfelt 1. Jaktlaget som har leigd jaktfelt 1 nede ved fjorden dei 2 siste åra skreiv under leigeavtale i fjar, der godtok dei kva reglar som gjeld for jakta. Aurland fjellstyre ynskjer vidareføre ordninga med gjennomsnittsvekter fordi valdet er så avsides. Det vil vera utfordrande å møta opp på vegestasjon innan rimleg tid.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.11.21

Stad: Fjordsenteret

Forslag til vedtak:

Aurland fjellstyre avslår søknaden til Birger Underdal om redusert pris på felte bukkar grunna låge vekter, men vil justera gjennomsnittsvektene før ein går inn i ny leigeavtale med jaktfelt 1 i Nordheimsdalen.

Fjordsenteret 10.november 2021

Håkon Øydvin
Fjellopsyn Aurland fjellstyre

Vedlegg: Epost frå Birger Underdal

Nedenfor viser plassering av felte dyr 2021.

Jaktlaget hadde eit godt resultat med årets jakt som gav mange fine opplevelsar i flott vestlandsnatur. 6 felte dyr – ikke verst. Det viser seg at kunnskap om terrenget er viktig. Det vi vart litt overrasket over var vekten på de 2 bukkane som vi skjøt. Ein 13-taggar vekt kun 66kg. Ein 6-taggar kun 60kg. For disse må vi betale 77kg og her tykjer eg at differansen er i største laget. Ber om at fjellstyret vurderer om det er mulig å redusere antall kg som vi må betala for disse bukkane da årets jakt også gir ein god utteljing for Aurland Fjellstyre.

På førehånd takk.

Så antar eg at fjellstyret kjem med ein oversikt på kva vi skuldar.

Mvh
Birger

